Førsteblad 1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28 Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Seljord

Emne: Drikk til maten - - Bygdelag: Langlim

Oppskr. av: Olav Bakken Gard: Bakken

(adresse): Langlim Flatdal G.nr. 114 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

## Mjólk.

1 Mjólk har vore med i kosthaldet frå uminneleg tider. Det var næring frå dei var bittesmå - og det var leskedrikkere i dei siste timar. Nisila mjólk - eller silingsupen var ein fast vane for borni både på stølen (soteren) og heime.

2. Det var vanleg å bjoe mjólkdrikke alle framande som kom til gards eller støules. Var dei fleire i lag, fekk dei gjerne kolla eller silingstroget å drikka av med fêlen (flødm) på.

3. Nisila var det gromaste, meir torstedrikke var sót fêlfri mjólk, renne mjólk, fløyting sjór, sur, gengi mjólk, saup med simlesmór i var gauf, men uvandast var mysu, bleng, blånde, prim - og kabrett blånde. Dei siste drikkan er det slett med no. (1951) men var i bruk for 30-40 år sidan.

## Øl.

Aldri kvardagsdrykk her. Berre i høgtidene og festlege lag, og sumtid i onnene, bryggja dei maltól. Dei hadde gjerne ei tønne med spissól - eller tunnól til uvandt.

6577

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

# Kaffi.

Det er berre 100 år sidan Kaffi kom i ålmen bruk i Langlim. Borte i Ommesdal (Åmotsdal) noko fyrr. Presten Hans Landstad (1819-37) hadde med seg Kaffi på anneksreisene sine. Eingong skulle Fossheimkona stella Kaffi for presten - då sette ho fram turre gruten på ei skål „Eg slo ut spae eg", sa ho.

I Hjartdal seier M. B. Landstad vart Kaffi fyrst nytta i eit barnsöl hjå prestesonen Kristian Larsen Lind omkr. 1720.

Kaffi vert no drukke 2-3 gonger til dagen om morgonen - av same fyre maten - og etter dögurd og öndåls maten.

Ein kokar oftast opp vatnet på kjelen og har på ei „måte" med malen Kaffi. No er det brend Kaffi å få kjöpt - fyrr berre rå Kaffi - difor laut dei laga Kaffibrennur. Det var sume folk som vart svart hage til dette arbeidet t. d. Knut Halvorson Li - Åmotsdal var född omkr. år 1800. Han vart kalla „Kvenne makarn" - mest for Kaffikvennane han laga - men og brennur.

Kaffibrenna var ei liti avlang kasse av arkejönn, med skreielok og langt skaft med tre handtak. Brenna heldt dei bort i elda i gruva eller i omnsdyrni, snudde ho på ymse sider og riste og skok ho så Kaffien vart passe brend - han skulle sveitte så smått og „stelja" stramt fyrr dei tömde han åt Kaffitrommelen (löktett ilåt.)



Kaffibrenne.

6577

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

## Kaffi. (framh.)

Einskilde har nytta klåreskinn o: fiskeskinn av rakaure. Salta kaffi har eg kjent, men er ikkje vanleg.
„Spå i gruten" er au slutt med – det laga seg ymse bilete av hus, fuglar, dyr og folk, brev etc – og desse teikni vart så tydde etter eige tykke. Sumetid klaffa det, andre tider ikkje.

9. Som det råkar med sukker til kaffien når det er 15 km. til landhandel og vegløust så kan ein tenkja seg både trot på det meir naudsynte, lissell. Smør har vore nytta i kaffien – mjølk også.
Fyrr var kandis bruken, men no er det helst knubbesukker (raff.)

## Te.

Ein sjeldsynt drikk – og har aldri vore noko kvardagsdrikk. Te av pirkum (perikum) har eg høyrt gete, men aldri kjent

## Brennevin.

Har aldri vore nytta til kvardags – berre til fest og i høgtidene og alltid nytta til overmål og fyll.

## Nyare drykk.

av ølsortar og brus lite nytta – og slett ikkje til kvardags for skuld dei vanskelege transporttilhøvi. – men i grannebygdene vert mykje øl og brus nytta av ungdomen sumarstid.

26/12-51

G.B.

6577

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING